



GULATING LAGMANNSRETT

DOM

Sagt: 26.04.2023

Saksnr.: 22-145760ASD-GULA/AVD2

Dommarar:

Lagdommer
Lagdommer
Sorenskriver

Vigdis Bygstad
Eivind Pundsnes
Jørn Ree

Ankande part

Sandnes kommune

Advokat Oddgeir Wiig

Ankemoþpart

Skatteetaten

Advokat Caroline
Birgitte Pedersen
Røkenes

DOM

Saka gjeld tvist om Sandnes kommune har rett på kompensasjon for inngående meirverdiavgift på kostnader ved oppføring av nytt bygg for personar med utfordringar innafør rus og psykiatri, jf. lov om kompensasjon for inngående meirverdiavgift § 3 og § 4.

Om bakgrunnen for saka.

Partane er samde om at tingretten si framstilling av saka kan leggjast uprøvd til grunn. Det vert difor gjengitt frå tingretten si framstilling:

Sandnes kommune (heretter kommunen) oppførte for noen år siden et nytt hovedbygg i Sandnesveien 299 (Soma rusvern), en institusjon for personer med utfordringer knyttet til rus og psykiatri. Formålet med det nye hovedbygget var i henhold til reguleringsplan 2012101 § 1 å oppføre et nytt bygg til offentlig tjenesteyting/rusvern med 27 plasser innenfor hovedbygningen og 3 småhus. De 30 plassene fordeler seg på 3 boligtyper:

- Boligtype 1. Består av 10 akutt plasser hvor det ikke inngås husleiekontrakter, men beboerne får rekvisisjon fra NAV på midlertidig bolig iht lov om sosiale tjenester § 27, jf § 18.
- Boligtype 2. Består av 17 behandlingsplasser. Her vil den enkelte beboer som følge av psykisk helse/og eller rusmisbruk, bli tildelt en bolig med hjemmel i helse- og omsorgstjenesteloven § 3-7, jf § 3-2 første ledd nr 6. Det inngås leiekontrakter, og kommunen fatter vedtak om tildeling av helsetjenester til den enkelte beboer.
- Boligtype 3. Består av tre småhus hvorav ett småhus ble oppført samtidig med nytt hovedbygg. Småhuset er plassert på tunet i umiddelbar nærhet til hovedbygget. I likhet med behandlingsplassene fattes det også tildelingsvedtak, og det inngås leiekontrakt samt at det fattes vedtak om tildeling av helsetjenester til beboer.

Kommunen krevde løpende mva-kompensasjon på oppføringskostnadene. Som følge av skattekontorets kontroll av kompensasjonsoppgaven for 6. termin 2016 ble det den 09.03.17 fattet vedtak om å nekte mva-kompensasjon med kr 165 474 hvorav 141 807 relaterte seg til oppføringskostnader knyttet til Soma rusvern.

Kommunen påklaget vedtaket. I forbindelse med klagebehandlingen etterspurte skattekontoret i brev av 05.04.19 nærmere dokumentasjon fra kommunen. Det ble bedt om at kommunen fremla eventuell annen dokumentasjon på beslutningsgrunnlag som kunne underbygge kommunens fremsatte krav om kompensasjon. Ved e-post av 28.10.19 oversendte kommunen saksfremlegg til styret i Sandnes Eiendomsselskap KF av 12.05.2015 som i følge kommunen viser at formålet hele tiden har vært å bygge særskilt tilrettelagte boliger med personalbase. Det ble videre fremlagt tildelingsvedtak for alle boligene (innvilget i perioden oktober 2018 til og med april 2019).

Ved vedtak av 20.03.20 opprettholdt Skattedirektoratet i sin helhet skattekontorets vedtak.

Kommunen meinte at vedtaket var feil og bringa saka inn for tingretten med påstand om at vedtaket vart kjend ugyldig. Den 1. juli 2022 sa tingretten dom med slik slutning:

1. Staten v/ Skattedirektoratet frifinnes.
2. Sandnes kommune betaler til staten v/ Skattedirektoratet sakens kostnader med 90 624 – nitttusensekshundreogtjuefire- kroner innen 2 – to – uker etter dommens forkynnelse.

Sandnes kommune, heretter som oftast kalla kommunen, anka dommen i rett tid. Staten v/ Skattedirektoratet, heretter som oftast kalla staten, har tatt til motmæle i anketilsvar.

Kommunesektoren sin organisasjon – KS - har fått løyve til å opptre som partshjelpar til fordel for kommunen i medhald av tvistelova § 15-7 første ledd.

Ankeforhandling vart halde i Gulating lagmannsrett sine rettslokale i Stavanger den 16. og 17. mars 2023. For Sandnes kommune møtte rådgjevar Odd Fosså saman med prosessfullmektig advokat Oddgeir Wiig. For KS møtte prosessfullmektig advokat Frode Lauareid. For staten v/Skattedirektoratet møtte seniorjurist Per Egil Ensrud med prosessfullmektig advokat Caroline Røkenes. Det vart høyrd to vitne og elles ført bevis ved dokumentasjon slik det går fram av rettsboka.

Den ankande part har i hovudsak gjort gjeldande:

Skattedirektoratet sitt vedtak av 20. mars 2020 er ugyldig. Vedtaket gjaldt kompensasjon for inngåande meirverdiavgift knytt til oppføring av Soma rusvern, bustadtype 2 og 3, samt for deler av personalbasen som omfattar bustad type 2 og 3. Vedtaket gjeld for 6. termin i 2016, men avgjerda vil ha innverknad på etterfølgjande terminar.

Kommunen har krav på kompensasjon for inngåande meirverdiavgift for kostnadane ved oppføring av nybygg med bueiningar tenkt utleigd til bebuarar som på grunn av funksjonsnedsetting har behov for særskilt tilrettelagd bustad og som i etterkant har vorte nytta i samsvar med føremåla for bygninga, jf. kompensasjonslova § 4 tredje ledd, jf. kompensasjonsforskrifta § 7.

Staten hevdar at det ikkje var tilstrekkeleg dokumentert på kravstidspunktet at vilkåra for kompensasjon var oppfylt. Dette er feil. Det var tilstrekkeleg dokumentert at føremålet med bygget var å etablere bueiningar for utleige til bebuarar med behov for særskilt tilrettelagd bustad som følgje av funksjonsnedsetting. Det går fram av Ot.prp. nr. 1 (2003-2004) side 201 at føremålet med bygget er sentralt med omsyn til om vilkåra er oppfylt for bygg under oppføring. Som dokumentasjon vert det vist til kommunen sin reguleringsplan av 13. oktober 2015 og til rådmannen si utgreiing av 9. september 2015, samt til saksframlegget frå Sandnes Eiendomsselskap KF av 4. november 2015. Dokumenta viser

at føremålet med bygget var å erstatte gammalt bygg som skulle sanerast og at det var planlagt å byggje ny institusjon ved sida av den gamle. Det nye bygget skulle som det gamle leggje til rette for tenesteytingar innafor rusvern og psykiatri. Bygget var tenkt utforma som ei lukka eining, der hovudkonseptet var skjerming. I tillegg vert det vist til at «*Brannkonsept for Soma rusvern*» plasserte bueiningane i risikoklasse 6 som gjeld for bueiningar nytta av personar med trong for pleie og omsorg heile døgnet. Tilsagn frå Husbanken om investeringstilskot er òg dokumentasjon på at vilkåret var oppfylt på kravtidspunktet. Kompensasjonsforskrifta § 7 viser særleg til Husbanken si tilskotsordning.

Etterfølgjande tildelingsvedtak er bevis på at kommunen hadde rett på kompensasjon knytt til oppføringskostnadane i tidlegare terminar. Sjå Skattedirektoratet sin uttale i fellesskriv av 7. juni 2010 om dette. Det vert òg vist til HR-2018-570 og særleg avsnitt 36 som seier at etterfølgjande forhold kan kaste lys over kva som var føremålet då kostnadar vart pådratt. Dommen må gjelde generelt innafor skatt og avgifter, og må òg gjelde for retten til kompensasjon av inngåande meirverdiavgift.

Staten hevdar at uansett er ikkje tildelingsvedtaka konkrete nok til å dokumentere at vilkåret om at bustadane vert leigd ut og nytta av bebuarar som har behov for særskilt tilrettelagd bustad som følgje av funksjonsnedsetting, er oppfylt. Dette er ikkje kommunen samd i. Vedtaka om tildeling av bueiningar knytt til bygg 2 og 3 og vedtak om individuelt tilpassa tenester til den enkelte bebuar, er konkrete nok. Alle vedtaka inneheld informasjon om kva den enkelte har trong for hjelp til og aktuell lovheimel. Vedtaka viser at bueiningar er tildelt ut frå at den enkelte bebuar har behov for særskilt tilrettelagd bustad på grunn av funksjonsnedsetting som følgje av rusproblem kombinert med psykisk helse. Tildeling av bueiningar har skjedd etter ei konkret vurdering av den enkelte bebuar sine behov.

Til samanlikning vert det vist til at Skattedirektoratet i sitt vedtak av 18. september 2014, som gjaldt vedtak om tildeling av bustad i prosjekt 4413102 «Soma Robuste boliger», vurderte bueiningane til å vere omfatta av kompensasjonsordninga. Dette gjaldt dei «gamle» bustadane som er erstatta med dei nye i nyoppført bygg. Tildelingsvedtaka gjaldt tilsvarande forhold og refererte til same regelverk for tildeling av bueiningar som tildelingsvedtaka knytt til bygg 2 og 3.

I følgje handboka om meirverdiavgift 18. utg. 2020 vil bebuarar som får buoppfølgingstenester for det meste falle utanfor ordninga. Men bustadar til rus- og psykiatri kan gje rett til kompensasjon når det er ein klar føresetnad at det vert gitt tilbod om behandling, rådgjeving via samtalegrupper og oppsøkande team mm, som gjer at det er nødvendig med særleg tilrettelagd bustad. Avgjerande er at bustaden vert utleigd til ein bebuar med «*funksjonsnedsettelse*», noko som er tilfelle i denne saka.

Dersom det i etterkant skulle vist seg at bygget ikkje vart tatt i bruk av personar som hadde særskilt behov for tilrettelagd bustad på grunn av funksjonsnedsetting, kunne det førte til at kommunen hadde vorte nøydd til å justere kompensasjonskrava sine, jf. kompensasjonslova § 16, og kunne måtta betale tilbake motteke kompensasjon, jf. skattelova § 10-53 tredje ledd. På den måten vil staten sine behov for kontroll av at det var gitt kompensasjon på rett grunnlag verte ivareteke.

Krav om kompensasjon må fremjast etter kvart. Det går fram av Skattedirektoratet sitt vedtak av 8. april 2016 at forelda krav på kompensasjon ikkje kan fremjast gjennom justeringsregelen i kompensasjonslova § 16.

Areal i personalbasen vert omfatta av kompensasjonsordninga så langt den er knytt til bustadtype 2 og 3. Personalbasen gjeld areal som ikkje vert leigd ut og vert difor ikkje omfatta av begrensningane i kompensasjonslova § 4 andre ledd nr. 3.

Staten har som støtte for sin påstand om manglande dokumentasjon vist til LH-2013-149681 og LB-2016-5012, men det gjaldt krav på kompensasjon for driftskostnadar. Desse sakene kan difor ikkje samanliknast med denne saka som gjeld krav på kompensasjon for oppføringskostnadar.

Ankande part har lagt ned slik påstand:

1. Skattedirektoratets vedtak 20. mars 2020 er ugyldig for den delen som gjelder boligtype 2, boligtype 3 og personalbase.
2. Sandnes kommune tilkjennes sakens omkostninger.

Partsmedhjelpar har i hovudsak gjort gjeldande:

Ordninga med at kommunane får kompensasjon for meirverdiavgift er ikkje ei statleg støtteordning. Ordninga er finansiert av kommunane sjølve ved tilsvarende reduksjon av rammeoverføringane. Ei streng praktisering av ordninga vil føre til at rammeoverføringane må aukast skal kommunane klare å oppfylle sin oppgåver.

Soma rusvern oppfyller krava om særskilt tilrettelegging, og Sandnes kommune har rett til kompensasjon for meirverdiavgift knytt til oppføring av bygningane. Det vert vist til at føremålet med bygningane er å gje tilbod om bustad til rusavhengige med psykisk lidningar. Dette er ei gruppe personar som er i behandling som til dømes legemiddelassistert behandling, LAR. Dei har fysiske og psykiske lidningar som følgje av langvarig rus og har behov for helsehjelp. Dei har funksjonsnedsetting som følgje av langvarig rusbruk. Dei har ikkje hatt nokon fast stad å bu over lang tid, og manglar buevne. Det er behov for sikringstiltak knytt til bustadane deira. Det krev at det er tilsett personar med fagkompetanse til å handtere denne gruppa bebuarar. Bygningane er særleg tilrettelagde for

denne brukargruppa. Det er ikkje alternative bustadar i den private utleige marknaden til denne gruppa.

Det er lagt ned slik påstand:

1. Same påstand som lagt ned av Sandnes kommune.
2. KS vert tilkjent sakskostnadar.

Ankemothparten har i hovudsak gjort gjeldande:

Soma rusvern sine bustadar er tildelt personar med rus- og psykiatriproblem, men kompensasjonsordninga omfattar i utgangspunktet ikkje personar med slike problem eller andre vanskelegstilte som kan bu i vanlege bustadar. Dette sjølv om dei mottek bu- og oppfølgingstenester. Det er ikkje dokumentert at dei som har fått tildelt bustadar i tillegg har ei funksjonsnedsetting som gjer at dei har behov for særskilt tilrettelagd bustad. Kommunen har difor ikkje dokumentert at nyoppført bygning bygg type 2 og 3 vert omfatta av unntaket i kompensasjonslova § 4 tredje ledd.

Det går fram av lova og lova sine førearbeid at det ikkje er nok at bustadane vert tildelt etter eit helse- eller sosialt føremål. Bustadane må i tillegg vere «særskilt tilrettelagt» for slike føremål. Det vil seie at bustadane må ha ei tilrettelegging som skal avhjelpe nedsett funksjonar, jf. kompensasjonsforskrifta § 7. Det vert vist til Ot.prp. nr. 1 (2003-2004) med merknadar til § 4 og Prop. 1 (2016-2017) punkt 9.3. Kravet om at det skal vere ein særskilt tilrettelagd bustad rettar seg mot korleis bustaden er innretta.

Plikt til å dokumentere rett på kompensasjon følgjer av kompensasjonslova § 12. Kommunen dokumenterte ikkje på kravtidspunktet at bueiningane var tenkt til brukt av bebuarar med kvalifisert nedsett funksjonseven og som difor har behov for særskilt tilrettelagd bustad. Det vart heller ikkje dokumentert då skattekontoret gjorde vedtaket sitt eller før Skattedirektoratet sitt vedtak i klagesaka 20. mars 2020. Av dokument som kommunen hadde presentert var saksframlegg til styret i Sandnes eigeidomsselskap av 12. november 2015, reguleringsplan, rådmannen si utgreiing / innstilling til bystyret om godkjenning av reguleringsplanen og planbeskrivelse, detaljregulering for Soma rusvern frå Leiv Nes Arkitekter. Dokumenta seier at føremålet med å oppføre bygget var å skaffe bustadar til personar med rus- og psykiatriproblem, men dei seier ikkje noko om at bygningane skulle verte særskilt tilrettelagt for å avhjelpe funksjonsnedsetting. Tilsagn frå Husbanken må lesast i lys av desse dokumenta og er heller ikkje dokumentasjon på at kommunen hadde krav på kompensasjon.

Seinare tildelingsvedtak, som vart sendt skattemynda i klageomgangen, er ikkje dokumentasjon som har noko å seie med omsyn til om kommunen hadde rett på kompensasjon for den perioden saka gjeld. Vedtaka låg ikkje føre då bygget var under

oppføring og kunne ikkje krevjast framlagt på kravstidspunktet. Kompensasjonsrett for bygg under oppføring vert vurdert ut frå det som er dokumentert om bygget si utforming og om forutsett brukargruppe på kravstidspunktet. Etterfølgjande tildelingsvedtak kan belyse om vilkåra for kompensasjon var oppfylt, men er ikkje avgjerande som dokumentasjon på at tidlegare kompensasjonskrav var berettiga. Det vil vere i strid med lova sitt system dersom etterfølgjande vedtak skal kunne nyttast som dokumentasjon for tidlegare krav. Dette går fram av kompensasjonslova § 12 som seier at det må dokumenterast «til enhver tid». Retten til kompensasjon er avhengig av omstenda ved nyskaffinga / då bygget vart oppført.

Dei tildelingsvedtaka som er lagt fram i saka er uansett ikkje god nok dokumentasjon på at vilkåret om at bustadane vart utleigd og nytta av bebuarar som hadde behov for særskilt tilrettelagd bustad som følgje av funksjonsnedsetting, var oppfylt. Vedtaka er ikkje konkrete nok. Dei viser at den enkelte bebuar som har fått tildelt bustad har problem knytt til psykiske helse og rus, samt til individuelle føremål med tildelinga. Det heiter òg i vedtaka at søkjar har ei funksjonsnedsetting, men det er ikkje presisert nærare kva det går ut på og kvifor det er behov for ein tilrettelagd bustad. Til samanlikning vert det vist til at bustadtype 1, som gjeld den same gruppa med bebuarar med tilsvarande utfordringar og behov. Her har kommune akseptert at vilkåra for kompensasjon ikkje er oppfylt.

Påstanden om at Skattedirektoratet sitt vedtaket er ugyldig for den delen som gjeld personalbasen, er vanskeleg å forstå då kommunen sitt krav om kompensasjon gjeld bustadane til utleige som er kalla bustadtype 1, 2 og 3. Skattedirektoratet sitt vedtak omfattar difor ikkje personalbasen på Soma rusvern. Dette er ein ny påstand som ikkje kom fram under skattemynda si handsaming av saka. Det rette bør vere å avvise denne delen av kravet. Det har uansett ikkje noko å seie for om Skattedirektoratet sitt vedtak er gyldig eller ikkje.

Det er lagt ned slik påstand:

1. Anken forkastes
2. Staten ved Skattedirektoratet tilkjennes sakskostnader for lagmannsretten.

Lagmannsretten sine vurderingar:

Denne saka gjeld spørsmål om kostnadane ved oppføring av Soma rusvern sitt nybygg, bygg type 2 og 3, samt ein del av arealet til personalbasen vert omfatta av unntaket i kompensasjonslova § 4 tredje ledd.

Det følgjer av lov om kompensasjon av meirverdiavgift for kommunar, fylkeskommunar mm, kompensasjonslova § 2 første ledd jf. § 3 at kommunar har rett til kompensasjon for meirverdiavgift ved kjøp av varer og tenester frå registrerte næringsdrivande. Ordninga er

ikkje tenkt som ei støtteordning, og vert finansiert gjennom frådrag i statlege tilskot til kommunane, jf. kompensasjonslova § 5. Bakgrunnen for kompensasjonsordninga er å sikre at kommunar og fylkeskommunar, som ikkje har høve til frådrag for inngåande meirverdiavgift, kan velje å bruke eigne tilsette eller eksterne leverandørar ved nyskaffingar utan at valet skal verte påverka av meirverdiavgift. Føremålet med ordninga er å motverke konkurransevriding som følgje av meirverdiavgiftssystemet, jf. kompensasjonslova §1.

Kompensasjonslova § 4 set grenser for omfanget av ordninga. I følgje hovudregelen i § 4 første ledd vert det ytt kompensasjon *«bare i den utstrekning anskaffelsen skjer til bruk i den kompensasjonsberettigede virksomheten»*. Det er eit unnatak for regelen i § 4 andre ledd som seier at det ikkje vert ytt kompensasjon for innkjøp til bygg, anlegg eller anna fast eigedom for utleige. Det er unntak for dette unntaket igjen i § 4 tredje ledd som seier at det likevel vert ytt kompensasjon for nyinnkjøp til bustadar med *«helseformål eller sosiale formål»*. Kva som vert rekna som bustad til *«helseformål eller sosiale formål»* er presisert i forskrift om kompensasjon for meirverdiavgift § 7 der det heiter:

«Som bolig med helseformål eller sosialt formål etter lov 12. desember 2003 nr. 108 om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. § 4 tredje ledd anses boliger særskilt tilrettelagt for helse formål, herunder boliger utformet etter Husbankens tilskuddsordning for omsorgsboliger.

Boliger som selges eller leies ut til andre enn beboere anses ikke som boliger med helseformål eller sosiale formål. Det samme gjelder fellesanlegg i tilnytning til slike boliger. Det ytes likevel kompensasjon for utleie av personalbase når den er til bruk i kommunens heldøgns helse- og omsorgstjenester.»

Som det går fram av forskrifta § 7 er det trekt ei grense mellom bustadar som ein kommune leiger ut til helse- og sosiale føremål, som ikkje vert omfatta av ordninga, og bustadar som vert leigd ut til helse- og sosiale formål og som i tillegg gjeld utleige av bustadar som er *«særskilt tilrettelagt for helseformål»* som vert omfatta av ordninga. Utleige av bustadar som vert omfatta av ordninga refererer til bustadar lagt til rette for personar med funksjonsnedsetting. Dette går fram av Ot.prp. nr. 1 (2003-2004) side 156 sine merknadar til dei enkelte reglane i kompensasjonslova og særleg til § 4 der det mellom anna heiter:

«For visse tjenestetilbud på dette området vil kompensasjonsordningene likevel gjelde. Dette gjelder omsorgsboliger og tilrettelagte boliger for personer med funksjonsnedsettelse.»

I tillegg vert det vist til Prop. 1 LS (2017-2018) punkt 38.2.

Nærare om kva som ligg i at det må vere ein «*særskilt tilrettelagt*» bustad vert det vist til Prop. 1 LS (2017-2018) punkt 38.1 med vidare henvising til Prop. LS (2016-2017) om skatt, avgifter og toll pkt. 9.3.5, der det heiter:

«(...) Avgiftsmyndighetene legger i sin praksis til grunn at uttrykket særskilt tilrettelagt i forskriften § 7 henspeler på boligens beskaffenhet, og at selve tilretteleggingen må begrunne at man får akkurat denne type bolig. Dette vil typisk gjelde utleieenheter med beboere som har behov for boliger med livsløpsstandard, tilpasset hjemmebasert omsorg som spesialinnredede bad og toalett, seng, brede dører, ingen terskel mv. Det legges vidare til grunn av særskilt tilrettelegging også kan bestå i tilknyttet vaktjeneste ved at det i boligkomplekset er personalbase for omsorgspersonell eller nærhet og tilgang til personell som kan yte hjemmebasert helse- og omsorgstjenester. For all annan boligbygging i kommunal eller privat regi gis det ikke kompensasjon for merverdiavgift. For eksempel gis det ikke kompensasjon for anskaffelse til oppføring og drift av vanlige boliger som leies ut til beboere med særskilte behov på helse- og sosiale området.»

I tillegg vert det vist til Prop. 1 LS (2017-2018) punkt 38.2 «*Departementets vurdering*» der det heiter:

«Departementet finner grunn til å klargjøre at det er krav om funksjonsnedsettelse som nødvendigvis er en særskilt tilrettelegging av boligen. Ut fra foreliggende rettskildemateriale må det etter departementets mening legges til grunn at det ikke skilles mellom ulike former for funksjonsnedsettelse. Det betyr at både fysiske, psykiske og kognitive funksjonsnedsettelse vil kunne omfattes. Når det gjelder hvilke krav som stilles til boligen, kan dette vere fysisk tilrettelegging av boligen. Det kan vidare vere tale om tilrettelegginger i form av at boligen er tilknyttet personalbase for å yte helse- og omsorgstjenester som avhjelper beboers funksjonsnedsettelse.

Dette innebærer etter departementets mening at særskilt tilrettelagte boliger for personer med funksjonsnedsettelse som følge av for eksempel psykiske lidelser vil kunne vere kompensasjonsberettiget. For denne gruppen kan særskilt tilrettelegging typisk bestå i at boligen har en tilknyttet personalbase som yter hjemmebaserte helse- og omsorgstjenester. Kommunen må også her ha foretatt en behovsprøving av om det er den særskilte tilretteleggingen som gjør at beboer er innvilget boligen. Det må vere nødvendig at beboer har en slik bolig i stedet for en ordinær bolig utan særskilte tilrettelegginger. Det innebærer at den særskilte tilretteleggingen ved boligen som er rettet inn mot deres utfordringer, må vere grunnlaget for tildelingen av boligen fra kommunen.»

Lagmannsretten oppfatar dette til at kompensasjonsordninga oppfatar bustadar som er lagt til rette for personar med funksjonsnedsettelse, som òg oppfatar personar som kan ha psykisk og / eller kognitiv funksjonsnedsettelse. At bustaden er særskilt tilrettelagd kan blant anna gå ut på at den er knytt til ein personalbase som yter helse – og omsorgstjenester. Det må vere nødvendig at beboerane har ein tilrettelagd bustad for å kunne bu i staden for ein vanleg omsorgsbustad utan tilrettelegging. Det kan omfatte beboerane som får oppfølgingstjenester som følgje av rus og psykiatri, og som i tillegg kan ha medfødt eller

utvikla ei psykisk funksjonsnedsetting som følgje av langvarig rusmisbruk. Vedkommande har difor behov for særskilt tilrettelagd bustad for å kunne bu i eigen heim. Det ligg i dette at kommunen må gjere ei behovsprøving av om det er den særskilte tilrettelegginga som er bakgrunnen for at bebuaren har fått tildelt ein bustad.

Ut frå lova og førearbeida til lova legg lagmannsretten til grunn, noko som staten og kommunen er samd i, at det er to vilkår som må vere oppfylt for at kostnadane ved oppføring av nye bustadar kan verte omfatta av unntaket i § 4 tredje ledd:

1. Bustadane må vere særskilt lagt til rette for helseformål eller sosiale formål.
2. Bustadane må leigast ut til bebuarar som på grunn av funksjonsnedsettingar har behov for ein særskilt tilrettelagd bustad for å kunne bu i eigen heim

lagmannsretten legg òg til grunn at partane er samde i at det første vilkåret er oppfylt i denne saka. Lagmannsretten finn det likevel føremålstenleg å gjengje får det tingretten seier om bygget på side 6:

«Retten legger til grunn at Soma Rusvern består av omsorgsboliger med heldøgnsbemanning med tverrfaglig sammensatt personellgruppe og hvor brukergruppen er personer med sammensatt sykdomsproblematikk, hovedsakelig knyttet til rus og psykisk helse. Hele bygget i Sandnesveien 299 har robust og solid materiale med forsterkede vegger og hvor det er mulig å spyle rommene. Bygningen har egen personalbase med bl.a. arbeidsrom, personalrom, kjøkken (felles måltider), vaskeri, medisinrom og behandlingsrom. Det er installert sprinkelanlegg og brannalarm med direktekopling til brannvesenet. Videre er bygningen tilrettelagt med fokus på sikring av personal og brukere, ved bruk av sikkerhetsglass, sikotlinje i gang, kamera, inngangskontroll m.v. Det vises til beskrivelser i fremlagt dokumentasjon og til befaringen under hovedforhandlingen.»

Vidare vert det vist til vitnet Hatland, avdelingsleiar i Meistringseininga, si forklaring om at bygg 2 og 3 vert nytta av personar med langvarige utfordringar knytt til rus kombinert med psykiske lidingar. Fleire av bebuarane har omfattande psykiske lidingar som enten skuldast langvarig rusmisbruk eller i utgangspunktet hadde ei psykisk lidning som har vorte verre som følgje av rus. Bebuarane kunne ha til dels alvorlege diagnosar som schizofreni og andre har ikkje fått nokon diagnose. Fleire er kognitivt svake. Han forklarte at det er felles for bebuarane at dei ikkje kan ha vanleg bustad med oppfølgingstilbod då dei ikkje evnar å bu. Dei evnar ikkje å ivareta eigen hygiene og dei kunne utgjere ein brannfare for seg sjølve og andre. Soma sine bygg er særleg lagt til rette med tanke på sikring mot skadar. Bebuarane vert ivaretatt ved døgnbasert bemanning frå personalbasen, som har tilsett personell med særskilt fagkompetanse for å kunne ivareta dei og deira behov. Dette vart stadfesta av vitnet Nina Stokke.

Staten hevdar at det ikkje var dokumentert at bebuar hadde vorte tildelt bustad i bygg 2 og 3 som følgje av at vedkommande hadde behov for særskilt tilrettelagd bustad, jf. kompensasjonslova § 12. Kravet til dokumentasjon var ikkje oppfylt verken på

kravtidspunktet, då skatteetaten gjorde sitt vedtak eller ved Skattedirektoratet si handsaming av klagen over skatteetaten sitt vedtak. Det vert vist til at kompensasjonslova § 12 seier at krav på kompensasjon må dokumenterast «til enhver tid».

Kompensasjonslova § 12 første setning har ein slik ordlyd:

«Den som har fremmet krav om eller mottar refusjon skal innrette bokføringen slik at det til enhver tid kan kontrolleres at kompensasjon for merverdiavgift ytes etter reglene i denne lov.»

Bakgrunnen for regelen om dokumentasjon og kravet om bokføring i § 12 er at det skal vere mogleg å kontrollere kravet på kompensasjon i etterkant. Sidan det gjeld ei utbetalingsordning er regelen om dokumentasjon streng. I utgangspunktet vil ein kontroll og prøving av kompensasjonskrav verte gjort gjennom kommunen sine vedtak om tildeling av bustad og revisor sin kontroll basert på tildelingsvedtak. Dette går fram av Skattedirektoratet si melding 20. desember 2011 punkt 4 om krav til dokumentasjon og Skattedirektoratet sin prinsipputtale av 8. april 2022.

Etter lagmannsretten sitt syn er det uklart kva krav det vert sett til dokumentasjon på at utlegg knytt til bygg under oppføring gjev rett på kompensasjon. Verken lova sine førearbeid eller rettspraksis kan gje nokon klare retningslinjer knytt til dokumentasjonskravet.

Etter lagmannsretten sitt syn kan det ikkje vert sett like strenge krav til dokumentasjon for kompensasjon til bygg under oppføring som til dekning av utlegg til bygg i drift. Dette då det ikkje kan verte lagt fram tildelingsvedtak før tildeling har skjedd. Det må difor vere nok at føremålet med bygningane vert dokumentert. Det vert i denne samanheng vist til Ot.prp.(2003-2004) sin merknad til § 4 tredje ledd der det mellom anna heiter at føremålet med bygningane må vere avgjerande, og at det er noko som kan gå fram av kommunen sin reguleringsplan.

Det vert vidare vist til Skattedirektoratet sin uttale 7. juni 2010, UYV-2010-1046. Denne uttalen vart gitt etter Høgsterett sin dom av 19. februar 2010 (Altadommen) som omhandla spørsmål om kompensasjon til privat utbyggjar som oppførte bustadar særskilt tilrettelagt for helse- og sosiale føremål. Der heiter det mellom anna:

«Skattedirektoratet legger til grunn at i en prosjekterings- og byggefase er det tilstrekkelig for utbetaling av kompensasjon at avtalen med kommunen foreligger. Ved avtaleinngåelsen med kommunen vil det også foreligge kompensasjonsrett for kostnader pådratt før avtaletidspunktet med kommunen. Det må imidlertid stilles som forutsetning at bygget etter ferdigstillelse blir tatt i bruk av beboere som er tildelt bolig og gitt vedtak på lovpålagte tjenester.»

At krav til dokumentasjon er oppfylt gjennom avtale om bruken med kommunen taler for at det ikkje skal setjast så strenge krav til dokumentasjon for bustad under oppføring som til bygningar sett i drift. Dette synspunktet går òg fram av brev frå Skatteetaten til Sandnes kommune, av 5. april 2019. Det heiter mellom anna i brevet:

«Ved oppføring av boliger, som etter ferdigstillelse er planlagt å være til bruk i kompensasjonsberettiget virksomhet, vil en kunne være lempeligere i forhold til kravet til dokumentasjon. Vi viser til tidligere redegjørelse knyttet til hvilke vilkår som må være oppfylt for at slike boliger vil anses omfattet av kompensasjonsloven. Det bemerkes at kommunen må foreta justeringer, dersom en har krevd kompensasjon for boliger under oppføring og det etter ferdigstillelse viser seg at boligene ikke vil være til bruk i kompensasjonsberettiget virksomhet.»

Av dokumentasjon som låg føre då kommunen kravde kompensasjon for meirverdiavgift for 6. termin i 2016 vert det vist til reguleringsplan som seier at *«føremålet med planen er å legge til rette for oppføring av nytt bygg til offentlig tjenesteyting/rusvern med 27 plasser innen for hovedbygningen og 3 små hus, samt lokaler for rus- og psykiatri enheten.»* Vidare vert det vist til rådmannen si utgreiing av 30. september 2015 med innstilling til bystyret der det mellom anna heiter at det gjeld ny bygningsmasse til erstatning for den gamle som vart nytta av Soma rusvern, og at bebuarane og ressursane vil verte uendra. Det heiter mellom anna i denne utgreiinga at:

«Bygget er tenkt utformet som en relativt lukket enhet, hvor hovedkonseptet er skjerming – både for beboerne og omgivelsene, samtidig som det er ønskelig at bygget framstår som et mildt og positivt element i området. Beboerne har behov for et sted som gir trygghet og ro, samt at omgivelsene trenger å kjenne seg trygge i forhold til at beboerne er / kan være ruspåvirket.»

I saksframlegg frå Sandnes Eigedomsselskap heiter det under avsnittet om saksopplysningar at Soma rusvern sitt bygg skulle sanerast, og det var planlagt bygd ny institusjon ved sida av eksisterande, og at den nye institusjonen skulle nyttast som den gamle. I denne samanheng vert det vist til at *«Prosjekt 4413102 Soma Robuste boliger»* som gjaldt dei eldre bygningane vart godkjend for kompensasjon i skatteetaten sitt vedtak av 18. september 2014.

I tillegg vert det vist til brannkonseptet for Soma rusvern av 14. november 2016 som plasserte bueiningane i risikoklasse 6, noko som òg støttar opp om at det gjaldt oppføring av bygg tenkt til bebuarar med trong for særskilt tilrettelagd bustad for å kunne bu i eigen heim.

Til sist vert det vist til Husbanken sitt tilsagn av 3. desember 2015 om investeringstilskot til Soma sitt butiltak til 17 nye omsorgsbustadar. Eitt av vilkåra for tilskot er at bustadane vert nytta av personar med behov for helse- og sosiale tenester heile døgnet og at det er

uavhengig av alder, diagnose eller funksjonshemming. Det vert i denne samanheng vist til jf. kompensasjonsforskrifta § 7 si presisering av at særskilt tilrettelagt bustad gjeld bustadar som er «*utformet etter Husbankens tilskuddsordning for omsorgsboliger*».

Som følgje av at det er lite rettleiing i lova og lova sine førearbeid med omsyn til krav til dokumentasjon for bygg under oppføring, har lagmannsretten under noko tvil komme til at dei nemnde dokumenta var tilstrekkeleg dokumentasjon på at utlegg til oppføring av Soma rusvern sitt bygg type 2 og 3 hadde rett på kompensasjon av inngåande meirvleidavgift. Det er i denne vurderinga òg tatt omsyn til at seinare vedtak om tildeling av bustadar og vedtak om tildeling av individuelle tenester viser at bygg 2 og 3 faktisk vart nytta i samsvar med føremålet med bygget.

Staten hevdar at det vil vere i strid med kravet til dokumentasjon i kompensasjonslova § 12 at kompensasjonskravet vert dokumentert ved tildelingsvedtak etter at kravet har vorte fremja, då det heiter at det skal dokumenterast til «*enhver tid*». Staten har grunngeve dette med at det elles vert vanskeleg å føre nødvendig kontroll med at krav på kompensasjon er rett. Dette er ikkje lagmannsretten samd i. Det er korrekt at lova sine førearbeid seier at kommunen sine tildelingsvedtak kan oppfylle kravet til dokumentasjon, men det gjeld for innkjøp til utleigebustad i drift. Det vil ikkje var mogeleg å leggje fram tildelingsvedtak under oppføringsfasen før det har skjedd nokon tildeling. Til dette kjem at krav på kompensasjon må sendast etter kvart for å hindre at det vert forelda etter kompensasjonslova § 10. Tildelingsvedtak må difor kunne nyttast som dokumentasjon på at bygget faktisk vert nytta som forutsett i reguleringsplan og andre plandokument. Det må kunne nyttast som dokumentasjon på at kommunen hadde rett på kompensasjonen.

Det vert vist til at i Skattedirektoratet sitt vedtak over klage på avslag om justering av kompensasjon av 8. april 2016 heiter det mellom anna at dokumentasjon av vedtak kan vere bevis på at det har vore ein materiell rett på kompensasjon for tidlegare år. Det vert vidare vist til at Skattedirektoratet i fellesskriv av 7. juni 2020 seier at det «*stilles som føresetnad at bygget etter ferdigstillelse blir tatt i bruk som forutsatt...*» Skal det kunne dokumenterast at bygningane vert tatt i bruk i samsvar med føresetnadane må det skje ved gjennom dokumentasjon av tildelingsvedtak i etterkant. Viser det seg at bygget likevel ikkje vert nytta i samsvar med føresetnadane vil feil utbetalt kompensasjon kunne krevjast justert i samsvar med kompensasjonslova § 16 og kravd tilbakebetalt etter skattebetalingslova § 10-53 tredje ledd. På den måten vil det verte kontrollert om det var rett å gje kompensasjonen.

Staten har som støtte for sin påstand om at kompensasjonskravet må verte dokumentert på kravtidspunktet vist til HL -2013-149681 og LB-2016-5012. Begge dommene gjekk ut på at dokumentasjon på kompensasjonskrav frå bustadstiftingar ikkje var oppfylt då det ikkje var lagt fram tildelingsvedtak frå kommunen. Då desse sakene gjaldt utlegg til drifta av

bustadar og ikkje kompensasjon i oppføringsfasen, er det lagmannsretten sitt syn at dommane ikkje har direkte overføringsverdi til denne saka.

Staten hevdar atter subsidiært at tildelingsvedtaka uansett ikkje er gode nok som dokumentasjon då dei er for lite konkrete med omsyn til den enkelte sitt behov for særskilt tilrettelagd bustad som følgje av funksjonsnedsetting.

I melding om kompensasjon for meirverdiavgift av 20. desember 2011 punkt 4.2 seier Skattedirektoratet mellom anna følgjande om innhald i tildelingsvedtaka:

«Når det gjelder kommunehelsetjenesteloven § 2-1, jf. § 3-1, kan det reises spørsmål om det er tilstrekkelig for å omfattes av kompensasjonsordningen, at et tildelingsvedtak på tjenesten viser til § 2-1 og kun generelt til § 1-3. Det er bare deltjenester etter § 1-3 andre ledd kommunen skal ha.

Skattedirektoratet viser til at kommunehelsetjenesteloven § 2-1 som fastslår at *[e]nhver har rett til nødvendig helsehjelp* er en rettskravsbestemmelse for den enkelte, og § 1-3 er den tilhørende pliktbestemmelsen for kommunen. Et vedtak som viser til § 1-3 oppfatter Skattedirektoratet dit hen at det ytes tjenester som faller innenfor § 1-3 for at bruker skal få oppfylt sitt rettskrav på *nødvendig helsehjelp* etter § 2-1. Vi mener derfor at det i prinsippet ikke har noen betydning i forhold til spørsmålet om det ytes tjenester en kommune er pålagt å utføre ved lov, om den eksempelvis velger å kjøpe § 1-3 annet ledd nr. 6 tjenester eller andre tjenester etter første ledd. Kommunen har valgfrihet mht hvilke tjenester den bruker for å oppfylle plikten etter § 1-3 for å oppfylle mottakers rettskrav etter § 2-1 på nødvendig helsehjelp. Følgelig må det være tilstrekkelig at vedtaket henviser til § 1-3 uten at det nærmere angis hvor i § 1-3 først eller annet ledd tjenesten rubriseres. Strengt tatt er det tilstrekkelig at vedtaket alene kun henviser til § 2-1, fordi allerede det viser at brukeren har rettskrav å den tjenesten som mottas.»

I handboka for meirverdiavgift om dokumentasjon for rett til kompensasjon på bustadar med helseføremål og sosiale føremål heiter det at det må gå tydeleg fram av enten tildelingsvedtaket eller i eige vedtak at det har vore ei behovsprøving i samband med vedtak om tildeling. Utover dette er det er lite rettleiing i førearbeida til lova og i rettspraksis, samt i uttale frå Skattedirektorat om kva tildelingsvedtak skal innehalde av opplysningar om dei enkelte sine individuelle behov for særskilt tilrettelagd bustad for at kravet til dokumentasjon skal vere oppfylt etter § 12.

Skattedirektoratet si melding av 20. desember 2011 punkt 4.2 og uttale i handboka for meirverdiavgift, kan tyde på at det er nok at tildelingsvedtak viser til dåverande kommunehelsetjenestelova § 2-1 som no er vidareført i helse- og omsorgstenestelova § 3-2 og pasient- og brukarrettslova § 2-1 a, samt at vedtaka viser at det har vore ei individuell behovsprøving.

Lagmannsretten har som nemnd fått lagt fram 17 vedtak om tildeling av bustad for perioden oktober 2018 til april 2019, samt 17 vedtak om individuelle tenester til den enkelte som har fått tildelt bustad. Som døme på innhald i tildelingsvedtak vert det gjengitt frå eit vedtak av 23. oktober 2018:

«Sandnes kommune har vedtatt å tildele deg samlokalisert 1 roms leilighet i Sandnesveien 299 i 2. etasje.

Sandnesveien 299 har døgnbemanning som inkluderer heldøgns tilsyn med tilgang til helse og / eller sosialfaglig kompetanse, jf. helse- og omsorgstjenesteloven § 3-7 jmf. § 3-2, 1. ledd nr. 6 og pasient og brukerrettighetsloven § 2-1 a. Andre individuelle tjenester etter eget vedtak.

Leiligheten er umøblert. Husleien inkludert 3 måltider til dagen vil være kr. 7 751,-.

.....

Begrunnelse

Etter helse- og omsorgstjenesteloven § 3-7 skal kommunen medvirke til å skaffe boliger til personer som ikke selv kan ivareta sine interesser på boligmarkedet, herunder boliger med særlig tilpasning og med hjelpe- og vernetiltak for dem som trenger det på grunn av alder, funksjonshemning eller av andre årsaker.

Det er på bakgrunn av ditt rusmisbruk/psykiske helse vurdert at du vil ha behov for en bolig med tilbudet som gis i Sandnesveien 299.

På grunn av din funksjonsnedsettelse tildeles du derfor en særskilt tilrettelagt bolig i Sandnesveien 299.»

Dei øvrige vedtaka om tildeling har liknande ordlyd der det i sju av tildelingsvedtak vert vist til at bebuarar fekk tildelt bustad på grunn av funksjonsnedsettelse som følgje av rusmisbruk og psykisk helse. I dei andre vedtaka vert det vist til at det vert tildelt bustad på grunn av rusmisbruk og som følgje av funksjonsnedsetting. Felles for vedtaka er at det vert vist til at søknadane har vorte vurdert etter pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1a, jf. helse- og omsorgstjenesteloven §§ 3-1 første ledd jf. 3-2 første ledd nr 6 bokstav a og b. Felles er òg at dette gjeld personar som treng hjelp for å kunne bu i eigen heim og har behov for særskilt tilrettelagd bustad, samt at det er vurdert til at den enkelte har behov for ein bustad med dei tilboda som vert gitt frå Soma sin personalbasen

At det har vorte gjort ei konkret behovsprøving i forkant av kvart enkelt vedtak vert støtta av framlagde individuelle vedtak om tildeling av tenester til bebuarane som hadde fått tildelt bustad. Dei individuelle tenestene varierer i tal på tildelte timar frå 7 til 28, 5 per månadar. Innehaldet i tenestene varierer etter den enkelte sitt behov. Det kan vere hjelp samtalar med fokus på angst, rusproblem, til å handtere medikament, til å halde orden på papir, rekningar, transport til arrangement innafor mental helse, til fastlege, NAV, til å kjøpe forbruksartiklar, samt hjelp til reinhald og til å halde orden på bustaden ol.

I lys av Skattedirektoratet sin uttale av 20. desember 2011 pkt. 4.2 framstår difor tildelingsvedtaka som tilstrekkeleg etterfølgjande dokumentasjon på at kommunen hadde rett på kompensasjon knytt til oppføringskostnadane.

Staten hevdar at tildelingsvedtaka er uansett for lite konkrete ved at det berre er vist til den enkelte si «funksjonsnedsettelse», men staten har ikkje gjort nærare grei for kva meir av opplysningar vedtaka i tilfelle burde innehalde. Lagmannsretten kan ikkje ut frå lova sine førarbeid eller uttale frå Skattedirektoratet sjå at det vert sett krav om at vedtaka skal vere meir konkrete enn det som går fram av kommunen sine tildelingsvedtak. Som nemnde vert ikkje kompensasjonsordninga avgrensa til ein bestemt type funksjonsnedsetting. Ei funksjonsnedsetting som gjer at nokon har behov for særskilt tilrettelagd bustad kan vere knytt til psykiske og / eller kognitive utfordringar, jf. uttalet i Prop 1 LS (2017-2018) punkt 38. Det må difor etter lagmannsretten sitt syn vere nok at det i vedtaka heiter at *«Det på bakgrunn av ditt rusmisbruk/psykiske helse vurdert at du vil ha behov for bustad med tilbudet som gis i Sandnesveien 299 (Soma rusvern). På grunn av din funksjonsnedsettelse tildeles du derfor en særskilt til rettelagt bustad i Sandensveien 299»*.

Til samanlikning vert det vist til at tidlegare Soma, som gjaldt bustadar tildelt sama type bebuarar, vart godkjend for kompensasjon i skatteetaten sitt vedtak av 18. september 2014. Det heiter mellom annan i vedtaket:

«Skattekontoret har mottatt tre tildelingsvedtak for boliger i dette prosjektet. Det følger av vedtaket med brukernr. 8322 at beboer for en seksmåneders periode mottar 14 t per uke frå Mestringsenheten. Tjenestene som omfattes er støttesamtaler med fokus på rusmestering, praktisk bistand i dagligdagse gjøremål samt medisinerer.

Tjenester gitt med hjemmel i Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 a, jf. Helse- og omsorgsloven §§3-1 første ledd, jf. § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav a og b.»

Etter dette har lagmannsretten komme til at etterfølgjande tildelingsvedtak av bustadar sett i samanheng med vedtak om tildeling av individuelle tenester, er bevis på at føremålet med oppføring av Soma sitt nybygg var at det skulle nyttast av bebuarar med behov for særskilt tilrettelagd bustad som følgje av funksjonsnedsetting. Tildelingsvedtaka framstår som konkrete nok til å vere dokumentasjon på at bygget har vorte nytta i samsvar med føremålet.

Lagmannsretten har difor komme til at kompensasjonskravet knytt til oppføring av Soma rusvern sitt nybygg, bygg type 2 og 3, var dokumentert i samsvar med kompensasjonslova § 12. Det fører til at Skattedirektoratet sitt vedtak av 20. mars 2020 blir kjend ugyldig.

Kommunen har i tillegg lagt ned påstand om at vedtaket til Skattedirektoratet vert kjend ugyldig òg i høve til areal i personalbasen som er knytt til bustad type 2 og 3. Skattedirektoratet sitt vedtak gjaldt klage over skatteetaten sitt vedtak av 9. mars 2016 som gjaldt 6. termin 2016, (kr 142 000). Etter lagmannsretten si oppfatning er det vanskeleg å lese ut or grunngjevingane for vedtaket til skatteetaten og vedtaket til Skattedirektoratet at det omfatta delar av personalbase. Skatteetaten sitt vedtak og Skattedirektoratet sitt vedtak etter klagehandsaming referer til kompensasjonskrav knytt til oppføringskostnadar til bustad bygg type 2 og 3, men seier ikkje noko om personalbase. Som følgje av dette kan ikkje lagmannsretten kjenne ugyldig eit vedtak som ikkje finnes. Etter dette vert Skattedirektoratet sitt vedtak kjend ugyldig i høve til bygg 2 og bygg 3, men ikkje for delar av personalbasen.

Sakskostnadar.

Etter dette har kommunen vunne ankesaka fullt ut, jf. tvistelova § 20-2 første og andre ledd. Hovudregelen er då at kommunen har krav på å få erstatta sine sakskostnadar. Det følgjer av tvistelova § 20-2 tredje ledd at den tapande part heilt eller delvis kan vert fritatt frå ansvaret for sakskostnadane dersom «tungtveiende grunner» gjer at der er rimeleg. Det er i tredje ledd lista opp moment som det særleg skal leggjast vekt på. Lista er ikkje uttømmende. Det er understreka i Ot.prp. nr. 51 (2004-2005) side 444 at det gjeld ein unntaksregel, og at bruk av unntaket må ha ein «tungtveiende begrunnelse». Det er til dømes ikkje nok å vise til at det har vore tvil knytt til avgjerda, det må i tillegg gjerast ei brei vurderinga av om det er «tungtveiende grunner» som gjer at det vil vere rimeleg.

I denne saka har lagmannsretten komme til at unntaket i tvistelova § 20-2 tredje ledd skal nyttast. Det vert vist til at det har vore tvil om resultatet og at ankemotparten hadde grunn til å prøve saka. Det vert vist til at saka gjeld spørsmål om regelverket knytt til kompensasjon etter kompensasjonslova § 4 tredje ledd og krav til dokumentasjon etter § 12 for bygg under oppføring, noko som gjeld eit område med til dels uavklart rettstilstand. Avgjerda kan ha innverknad på framtidig bruk av kompensasjonsordninga og framtidig finansiering av ein kommunane sine ytingar innafor helse- og sosiale tenester og særleg knytt til kommunane sin bygningmasse i slike samanhengar. Etter dette vert det ikkje tilkjend sakskostnadar for lagmannsretten.

Ved avgjerda om sakskostnadar for tingretten skal lagmannsretten leggje sitt resultat til grunn, jf. tvistelova § 20-9 andre ledd. Også for tingretten meiner lagmannsretten at det må gjerast unntak frå hovudregelen om at den tapande parten skal erstatte saka sine kostnadar. Staten hadde grunn til å få prøvd saka og det vert vist til grunngjevinga ovanfor om unntak for erstatningsplikta for lagmannsretten.

Dommen er samrøystes.

Dommen er ikkje sagt innan fristen i lova. Grunnen er stor arbeidsbyrde og avviking av påskeferie.

DOMSSLUTNING

1. Skattedirektoratet sitt vedtak av 20. mars 2020 er ugyldig for den delen som gjeld bustad type 2 og bustadtype 3.
2. Sakskostnadar vert ikkje tilkjend for lagmannsrett.
3. Sakskostnadar vert ikkje tilkjend for tingrett.

Vigdis Bygstad

Eivind Pundsnes

Jørn Ree

Dokument i høve til undertekna original:

Linda M. Moen

Rettleiing om anke i sivile saker

I sivile saker er det reglane i tvistelova kapittel 29 og 30 som gjeld for anke. Reglane for anke over dom, anke over orskurd og anke over vedtak er litt ulike. Nedanfor finn du meir informasjon og rettleiing om reglane.

Ankefrist og gebyr

Dersom retten ikkje har fastsett ein annan frist, er fristen for å anke ein månad frå den dagen avgjerda blei gjort kjent for deg. Desse periodane tel ikkje med når fristen blir berekna (rettsferie):

- frå og med siste laurdag før palmesøndag til og med andre påskedag
- frå og med 1. juli til og med 15. august
- frå og med 24. desember til og med 3. januar

Den som ankar, må betale behandlingsgebyr. Du kan få meir informasjon om gebyret frå den domstolen som har behandla saka.

Kva må ankeerklæringa innehalde?

I ankeerklæringa må du nemne

- kva for avgjerd du ankar
- kva for domstol du ankar til
- namn og adresse på partar, partsrepresentantar og prosessfullmektigar
- kva du meiner er feil med den avgjerda som er tatt
- den faktiske og rettslege grunnivinga for at det ligg føre feil
- kva for nye fakta, bevis eller rettslege grunnar du vil leggje fram
- om anken gjeld heile avgjerda eller berre delar av den
- det kravet ankesaka gjeld, og kva for resultat du krev
- grunnlaget for at retten kan behandle anken, dersom det har vore tvil om det
- korleis du meiner anken skal behandlast vidare

Dersom du vil anke ein dom frå tingretten til lagmannsretten

Dommar frå tingretten kan ankast til lagmannsretten. Du kan anke ein dom dersom du meiner det er

- feil i dei faktiske forholda som retten har lagt til grunn i dommen
- feil i rettsbruken (at lova er tolka feil)
- feil i saksbehandlinga

Dersom du vil anke, må du sende ei skriftleg ankeerklæring til den tingretten som har behandla saka. Dersom du fører saka sjølv utan advokat, kan du møte opp i tingretten og anke munnleg. Retten kan og tillate at prosessfullmektigar som ikkje er advokatar, ankar munnleg.

Det er til vanleg ei munnleg forhandling i lagmannsretten som avgjer anke over dom. Ved ankebehandlinga skal lagmannsretten konsentrere seg om dei delane av avgjerda til tingretten som er omtvista, og som der er knytt tvil til.

Lagmannsretten kan nekte å behandle ein anke dersom lagmannsretten kjem til at det er klart at dommen frå tingretten ikkje vil bli endra. I tillegg kan retten nekte å behandle enkelte krav eller ankegrunnar sjølv om resten av anken blir behandla.

Retten til å anke er avgrensa i saker som gjeld formueverdi under 250 000 kroner

Dersom anken gjeld ein formueverdi under 250 000 kroner, blir det kravd samtykke frå lagmannsretten for at anken skal kunne bli behandla.

Når lagmannsretten vurderer om den skal gi samtykke, legg retten vekt på

- saka sin karakter
- partane sitt behov for å få saka prøvd på ny
- om det ser ut til å vere svake sider ved avgjerda som er anka, eller ved behandlinga av saka

Dersom du vil anke ein orskurd eller eit vedtak til lagmannsretten

Ein *orskurd* kan du som hovudregel anke på grunn av

- feil i dei faktiske forholda som retten har lagt til grunn i orskurden
- feil i rettsbruken (at lova er tolka feil)
- feil i saksbehandlinga

Orskurdar som gjeld saksbehandlinga, og som er tatt på grunnlag av skjøn, kan berre ankast dersom du meiner at det er utøvd uforsvarleg eller klart urimeleg skjøn.

Eit *vedtak* kan du berre anke dersom du meiner

- at retten ikkje hadde rett til å ta ei slik avgjerd på det gjeldande lovgrunnlaget, eller
- at avgjerda openbert er uforsvarleg eller urimeleg

Dersom tingretten har avsagt dom i saka, kan tingretten sine avgjerder om saksbehandlinga ikkje ankast særskilt. Men da kan dommen ankast på grunnlag av feil i saksbehandlinga.

Orskurdar og vedtak kan du anke til den tingretten som har tatt avgjerda. Anken blir til vanleg avgjort ved orskurd etter skriftleg behandling i lagmannsretten.

Dersom du vil anke avgjerd i lagmannsretten til Høgsterett

Høgsterett er ankeinstans for avgjerder i lagmannsretten.

Anke til Høgsterett over *dom* krev alltid samtykke frå ankeutvalet i Høgsterett. Samtykke blir berre gitt når anken gjeld spørsmål som har betydning ut over den aktuelle saka, eller det av andre grunnar er særleg viktig å få saka behandla av Høgsterett. Anke over dom blir til vanleg avgjort etter munnleg forhandling.

Ankeutvalet i Høgsterett kan nekte å ta opp anke over *orskurdar* og *vedtak* til behandling dersom anken ikkje reiser spørsmål av betydning utover den aktuelle saka, og heller ikkje andre omsyn taler for at anken bør prøvast. Anken kan også nektast fremja dersom den reiser omfattande bevisspørsmål.

Når ein anke over orskurdar og vedtak i tingretten er avgjort ved orskurd i lagmannsretten, kan avgjerda som hovudregel ikkje ankast vidare til Høgsterett.

Anke over orskurd og vedtak i lagmannsretten blir til vanleg avgjort etter skriftleg behandling i ankeutvalet i Høgsterett.